

Vår dato: 16.11.2015

Vår ref.:

201006380/201102175/201102911/201300079

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kristine Naas.

Fleire søkarar – Søknad om løyve til fire småkraftverk i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkarar om løyve til fire småkraftverk i Fjaler kommune. Alle dei fire kraftverka er planlagt i Guddalsvassdraget, som vart varig verna gjennom verneplan IV for vassdrag (st. prp. nr. 118 (1991-92)). Det kan søkast om løyve til kraftverk med installert effekt på under 1 MW i verna vassdrag.

Lønnebotn kraftverk vil nytte eit fall på 78 m i Nautsundelva, frå inntaket på 136 moh. til kraftstasjonen på 58 moh. Tilløpsrøyret blir om lag 950 m lang og er planlagt nedgraven i heile si lengd. Det er foreslått ei minstevassføring på 137 l/s. Middelvassføringa i elva er berekna til 1870 l/s. Maksimal slukeevne blir på 750 l/s. Det utgjer om lag 40 % av middelvassføringa. Kraftverket vil få ei installert effekt på 482 kW og produksjonen er berekna til 3,04 GWh/år.

Øyrafossen kraftverk vil nytte eit fall på 120 m i Kalstadelva frå inntaket på 200 moh. til kraftstasjonen på 80 moh. Tilløpsrøyret blir 380 m lang og er planlagt nedgraven i heile si lengd. Det er foreslått ei minstevassføring på 74 l/s. Middelvassføringa i elva er berekna til 1,7 m³/s. Det er søkt om to alternativ for slukeevna i kraftverket. I hovudalternativet er det planlagt ei maksimal slukeevne på 770 l/s. Det utgjer om lag 45 % av middelvassføringa. Installert effekt og produksjon for hovudalternativet blir 784 kW og 4,88 GWh/år. I alternativ 2 er det planlagt ei maksimal slukeevne på 430 l/s. Dette utgjer om lag 25 % av middelvassføringa. Installert effekt og produksjon for alternativ 2 blir 439 kW og 3,13 GWh/år.

Yndestadhølen kraftverk vil nytte eit fall på 15 m. Inntaket plasserast på 66 moh. og kraftstasjonen på 51 moh. Tilløpsrøyret blir om lag 300 m, og er planlagt nedgraven i heile si lengd. Det er foreslått ei minstevassføring på 1,4 m³/s. Middelvassføringa i elva er berekna til 13,9 m³/s. Maksimal slukeevne blir på 5 m³/s. Det utgjer om lag 36 % av middelvassføringa. Kraftverket vil få ei installert effekt på 600 kW med ei forventa årleg produksjon på 3,6 GWh.

For Tjøredalselva kraftverk er det søkt om to alternative utbyggingar. I hovudalternativet vil kraftverket nytte eit fall på 78 m i Tjøredalselva frå inntaket på 248 moh. til kraftstasjonen på 170 moh.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Tilløpsrøyret blir 700 m lang og er planlagt nedgraven i heile si lengd. Det er her foreslått ei minstevassføring på 280 l/s om sommaren og 270 l/s om vinteren. Middelvassføringa i elva er berekna til 2,57 m³/s. Kraftverket vil få ei installert effekt på 600 kW og produksjonen er berekna til 4,04 GWh/år. Det er også søkt om eit alternativ med inntaksplassering på 190 moh., medan kraftstasjonen blir lagt på same høgde over havet som i hovudalternativet. Kraftverket vil då nytte eit fall på 20 m. Tilløpsrøyret blir 300 m lang, og nedgraven i heile si lengd. Det er foreslått ei minstevassføring på 162 l/s heile året i alternativ 2. Middelvassføringa er berekna til 2,75 m³/s for alternativ 2. Installert effekt og forventa årleg produksjon blir 150 kW og 1,03 GWh. Maksimal slukeevne blir på 0,95 m³/s for båe alternativ. Det utgjer om lag 35-37 % av middelvassføringa.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Fjaler kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Sørviskontoret fram til **1.2.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **1.2.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Kristine Naas
Rådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

